

Elin og Geir Enes kjøper Vertshuset.

08.06.2020



Vertshuset ved Båthamna er sold.

Det er i dag gjort kjend at Vertshuset ved Båthamna er sold. Kjøpar er Elin og Geir Enes med eige AS for dette føremålet. Huset skal ikke nyttast til restaurant eller matservering. Det vert vurdert om anlegget kan byggjast om til leilegårdar. I fyrste omgang vert arealet med toalettanlegg brukt til bobilparkering.

Det er Bente og Geir Nilsen som har vore eigalarar av Vertshuset den siste tida. Tomta er på 1,2 dekar. Sjølve bygget frå 1958, med ein interessant historie, har ei grunnflate på 480 rutemeter. Tomta er avgrensa mot sjø på nedsida, Uskedal Båtlag sin parkeringsplass mot sør og arealet mot Sandakaien i nord. Det som i dag er bocciabane, høyrer med til kjøpet. Plenen med revolverkanona høyrer til Nilsen Eigedom.

Då Verthuset vart lagt ut for sal, var taksten 2,9 millionar kr. Anlegget vert i dag sold til under takst.

Avtalen om kjøp er underskriven. Sjølve overtakinga skjer straks det formelle med nytt AS er på plass.

Tekst/nett: Kristian Bringedal
Foto: Geir Enes